



Kommunane i Rogaland
Rogaland svømmekrets

Kontakt saksbehandlar
Mette Sømme, 51568735

Utlysing av midlar til symjeopplæring for barn i barnehage 2023

Statsforvaltaren i Rogaland lyser med dette ut midlar til symjeopplæring for barn i barnehagar. Kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar som ønskjer å drive symjeopplæring i barnehage, kan no søkje Statsforvaltaren om tilskott for 2023. Statsforvaltaren i Rogaland har fått tildelt kr 7 276 000 som skal nyttast til formålet. Dette betyr at 3 638 barn i Rogaland kan få symjeopplæring i 2023.

Tilskottssatsen er fastsett av Utdanningsdirektoratet, og satsen i 2023 er kr 2000 per barn. Delar av tilskottet kan også nyttast til transport, symjeutstyr som vådrakt, symjebrett og anna.

Mål for opplæringa

Målet er å gi barn betre symjeferdigheiter. Tilskottet skal bidra til at kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar kan gjennomføre tiltak for å gi barn i barnehage tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn.

Målgruppe

Barn i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i alderen 4-6 år busette i Rogaland.

Vilkår for tilskot

- Søknader som beskriv samarbeid mellom kommunar og frivillige organisasjonar skal prioriterast. Kommunar kan også samarbeide om symjeopplæringa.
- Tilskottsmottakarane vel sjølv korleis dei skal organisere og gjennomføre opplæringa innanfor rammene for tilskotet, men symjeopplæringa skal skje i barnehagen si opningstid og hovudsak i basseng, og det er viktig at gutar og jenter får eit likeverdig tilbod. Det er og mogleg å ha symjeopplæring i vatn/sjø.
- Heile tilskotet skal nyttast til aktivitetar relaterte til symjeopplæring av barna. Tilskotet kan nyttast til å dekke transport til/frå symjeopplæringa. Kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar må sjølv dekkje kostnader utover tilskotet.
- Ein kan ikkje nytta tildelte midlar til andre barn enn dei det er søkt for utan at dette er avtalt med Statsforvaltaren.
- Barnehagar må sikre at dei ikkje har avtale med fleire enn ein symjeklubb når det gjeld søknad om midlar.
- Ein kan søkje om tilskot for eit kalenderår om gongen.



Søknadsfrist

Søknadsfristen er 1. mai 2023.

Søknad sendast via det nasjonale digitale [søknadsskjemaet](#).

Vi ber Rogaland svømmekrets om å informere symjeklubbane om utlysinga.

Vi ber kommunane om å informere kommunale og private barnehagar om utlysinga.

Behandling av søknader

Dei som har fått midlar overført frå 2022 til 2023 må levere rapport før Statsforvaltaren kan behandle ny søknad og tildele nye midlar.

Midlane blir utbetalte kort tid etter at vedtak om tilskot er fatta. Vi oppmodar alle til å søkje snarleg og i god tid før søknadsfristen. Søknader som er for seint innkomne vil ikkje bli behandla.

Rapportering

Tilskottsmottakarane skal innan 1. desember 2023 rapportere til Statsforvaltaren om bruk av midlane i det nasjonale digitale [rapporteringsskjemaet](#). Tilskottsmottakarar må orientere seg om kva som skal rapporterast.

Med helsing

Hallgeir Bø (e.f.)
ass. direktør

Mette Sømme
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Adresseliste:

Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	Kopervik
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Rogaland svømmekrets	Idrettens hus PB 3033	4095	Stavanger
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	Varhaug
Sola kommune	Postboks 99	4097	Sola
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane